

Årsmøtet i Fritt Norden Norge, torsdag 28. mars 2019

Stad: Storgata 39 i Oslo

Til stades: Kim Runar Gjelstenli, Siri Lill Thowsen, Knut Vadla, Gunnar Ottne, Ellen Marie Andersen, Liv Flåten, Nils Martin Aslaksen, Gullbjørg Røisli og Edvard Mogstad (skrivar)

Saker:

- 1) **Val av møteleiar;** Kim Runar vart vald
- 2) **Val av skrivar;** Edvard vart vald
- 3) Innkallinga vart godkjend
- 4) Saklista vart godkjend
- 5) Siri Lill og Gunnar vart valde til å skrive under årsmøtereferatet.
- 6) **Årsmeldinga** vart lesen opp av Kim, og ho vart godkjend av årsmøtet, med ei tilføyning om det siste nordiske planleggingsmøtet i København.
- 7) **Rekneskap med revisorrapport.** Rekneskapen vart godkjend av årsmøtet og revisoren. Vi har heile tida eit lite overskott, som viser at vi nyttar ressursane våre fullt ut.
- 8) Orientering om planane for **folkeriksdagen 2019**. Sjå årsmeldinga.
- 9) **Kontingenten** vart halden på same nivå som året før; 250 for folk i arbeid, 200 for studentar og trygda.
- 10) Arbeidet i tida som kjem:

Meir samband med Foreningen Norden? Vi lyt sende gratulasjon med 100-års jubileet deira.

Vi kan òg søke støtte frå dei.

Fleire opne møte med mulege samarbeidspartnarar, t.d. Nei til EU, Småbrukarlaget og miljøørslar. Kim Runar og Edvard skal avtale eit møte med leiarskapen i Nei til EU, t.d. Katrine Kleveland. Dette blir sak på neste styremøte.

Styret vart oppfordra til å leggja meir informasjon ut på **heimesida**.

Vi må òg satse meir på **medlemsverving**, særleg andsynes dei rørsleane vi samarbeider med.

- 11) **Val.** Leiar av valkomiteen, Mari Haaland, var ikkje frisk nok til å koma, men ho hadde sendt ei innstilling, som vart følgt opp, med eit par justeringar: Knut Vadla held fram som vanleg styremedlem, sjølv om han hadde lyst på avløyning. Årsmøtet tykte det var bra med ei viss geografisk spreing. Og Gullbjørg og Ellen Marie skifta plass som styre- og varamedlem.

Følgjande val vart gjort, alle samrøystes:

Leiar: Kim Runar Gjelstenli vart attvald.

Sekretær/skrivar: Edvard Mogstad vart attvald.

Styremedlemmer: Knut Vadla

Gunnar Ottne

Ellen Marie Andersen

Varamedlemmer: Gullbjørg Røisli og Siri Lill Thowsen, som held fram som rekneskapsførar.

Styret konstituerer seg sjølv og fekk fullmakt til å supplere varamannlista.

Revisor: Svein Lanser

Vararevisor: Nils Martin Aslaksen

Edvard Mogstad, skrivar